

Hordaland fylkeskommune  
Erlend Bakke

Dykkar ref.:

Vår ref.:

14/112 - 2 / AMG

Dato:

12.02.2014

## Svar på spørsmål om målbruken i Hordaland fylkeskommune

Språkrådet er tilsynsorgan under Kulturdepartementet i saker som er omfatta av *lov om målbruk i offentlig teneste* (mållova). Me viser til brev frå deg, dagsett 21. januar 2014, om målbruken ved dei vidaregåande skulane i Bergen, og særleg ved den nye Amalie Skram vidaregåande skule som enno ikkje har opna. Bakke stiller desse spørsmåla direkte til Språkrådet: «Korleis vurderer Språkrådet at so mange vidaregåande skular i Bergen som Hordaland fylkeskommune eig, nyttar bokmål i det offentlege teksttilfanget? Meiner Språkrådet at Hordaland fylkeskommune må nytta nynorsk ved Amalie Skram vidaregåande skule for å fylgja sitt eige vedtak om å nytta nynorsk i den fylkeskommunale tenesta?»

Målbruken i fylkeskommunane er ikkje regulert av dei detaljerte reglane i mållova. Såleis er det i hovudsak Hordaland fylkeskommune sjølv som avgjer korleis dei vil føre seg skriftleg. *Lov om målbruk i offentlig teneste* (mållova) presiserer likevel at «Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune.» På generelt grunnlag er det dermed rimeleg at Hordaland fylkeskommune bruker begge målformene i det skriftlege tilfanget ved dei vidaregåande skulane i fylket. Av erfaring kjenner Språkrådet til at nynorsk ofte blir lite brukt i område der begge målformene er representerte, men bokmål dominerer. Språkrådet ønskjer likevel ikkje å gje konkrete råd om målbruken ved den nye vidaregåande skulen som skal etablerast i Bergen.

Venleg helsing

Arnfinn Muruvik Vonen  
direktør

Astrid Marie Grov  
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir difor sendt utan signaturar.

